



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
15/251821-6

Dykkar referanse:
15/220 – 17/9964

Vår dato:
15.05.2017

Framlegg om motsegn – detaljreguleringsplan for Hillesvåg bustadområde – PlanID 1263–201409 – Lindås kommune

Vi viser til framlegg om detaljreguleringsplan for Hillesvåg bustadområde, sendt på offentleg ettersyn til Statens vegvesen 29.03.2017.

Planen var først sendt på høyring 03.02.2017 med frist 22.03.2017, men ved ein feil vart den ikkje sendt til offentlege mynde og ein nabo. Den vart difor sendt ut på nytt offentleg ettersyn 29.03.2017, og kommunen sette frist til 26.04.2017. Statens vegvesen bad om at fristen vart forlenga, i samsvar med ordinære høyringsfrister, og ny frist vart sett til 15.mai 2017.

Statens vegvesen sitt ansvar

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innan vegtransport og trafikktryggleik, og som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen.

Statens vegvesen vurderer at våre interesser ikkje er ivaretekne i planen slik den ligg føre i planframlegget. Vegløysingane som er vist i planforslaget ivaretek ikkje tryggleiken for dei mjuke trafikantane i stor nok grad. Dei tekniske løysingane i reguleringsplanen verkar å vere mangelfult utgreidd, og løyser ikkje dei trafikale utfordringane i planområdet i tilstrekkeleg grad.

Vår motsegn er knytt til vår rolle som statleg fagmynde med sektoransvar for trafikktryggleik og framkomst. Statens vegvesen rår til at Fylkesmannen i Hordaland fremjar ei generell motsegn til planen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Om planprosessen og føresetnadane

Reguleringsplanarbeidet vart varsla i mars 2015, og Statens vegvesen la i vår uttale vekt på at ein i nordre del av planområdet må få ei god og trafikksikker tilknytning for mjuke trafikantar til busshaldeplassen og sentrale møteplassar i Hillesvågen.

I 2015 var det fleire møter og synfaringar om planarbeidet. Det var krevjande å finne gode løysingar innanfor dei rammene utbyggjar hadde, og svært mange alternativ vart vurdert utan at ein kom til ei endeleg semje om løysingar.

I desember 2015 fekk Statens vegvesen melding om at planarbeidet var avslutta. Etter dette har det ikkje vore kontakt mellom utbyggjar og Statens vegvesen for å finne løysingardet kan semjast om, og vi har ikkje fått fleire utkast til vurdering. Når ein no har teke arbeidet opp att, må ein sjå på føresetnadane på nytt, og vurdere kva føresetnader som skal liggje til grunn for planen og kva utfordringar som skal løysast gjennom reguleringsarbeidet.

Vurdering av planframlegget

Etter vårt syn skal ein i eit reguleringsplanarbeid registrere problempunkter og finne gode løysingar. Under dette bør ein løyse trafikale utfordringar. Om ein vel å regulere eksisterande dårlege løysingar vert desse legalisert, noko vi ser som uheldig. Ein må då søke dispensasjon om ein seinare skal utbetre til dømes ein dårleg avkøyrslane. Planforslaget må vise vegløyningar som betrar tilhøva i området for både mjuke og harde trafikantar.

Statens vegvesen ser fleire manglar ved planframlegget. Det er spesielt uheldig at ein her veljer å regulere svært smale løysingar, både for fortau og vegbane, i den nordlegaste delen av planområdet, og at ein ikkje har sett av areal til utbetring av avkøyrslane. I dette planarbeidet må ein finne betre vegløyningar, både med omsyn til vegbreidde, fortau og avkøyrslar. Statens vegvesen krev at dette vert innlemma i reguleringsplanen, slik at det vert sikra nødvendig areal til utbetring på strekninga.

Den regulerte breidda på fortauet gjer tilbodet dårleg for gåande og syklende, og gjer i tillegg maskinell drift av fortauet vanskeleg. Dårleg brøyting vil igjen gå ut over tryggleiken til brukarane. I tillegg bør fortauet vere gjennomgåande forbi avkøyrslane.

Det er òg uheldig at rekkjeføljekravet i føresegnene til planen ikkje omfattar fortau på den nordlegaste strekninga. Etter vårt syn er det viktig å etablere ein trygg gangtilkomst til kollektivhaldeplassen like nord for planområdet. Dette nemnde vi spesielt i vår uttale til oppstartsvarsel datert 16.03.2015.

Langs heile strekninga er avkøyrslane regulert slik dei ligg i dag. Dette er uheldig ettersom det er mange avkøyrslar og fleire av dei har svært dårleg utforming. I planarbeidet bør ein prøve å samlokalisere avkøyrslar, innsnevre dei utflytande avkøyrslane, og utbetre tilhøva der bebuarane ikkje kan snu på eiga grunn, men må rygge i vegen/over fortau. Vi kan ikkje sjå at slike vurderingar er gjort i denne planen.

I reguleringsføresegn § 2.1.4 heiter det

«Det kan etablerast maksimalt 1 avkøyrslar pr. tomt med breidde på inntil 6,0 meter. Avkøyrslar til tomtane skal utformast i samsvar med krav i Handbok 100 jf. pkt.E.1.4.2.

Plassering av avkøyrslar, siktlinjer og svingradius (minimum 3 meter) skal visast på situasjonskart ved søknad om byggeløyve.»

Denne føresegna meiner vi bør arbeidast vidare med. Det er i dag svært mange avkøyrslar på strekninga som vil bidra til redusert tryggleik på det regulerte fortauet, og det må vere eit mål å redusere tal på avkøyrslar. Ein bør òg sikre at det ikkje vert etablert fleire avkøyrslar ved frådeling i området. Vi ber òg om at ein fjernar den talfesta breidda og svingradiusen i føresegna, då riktig geometri går fram av handbok *N100 Veg- og gateutforming*.

I føresegn §2.6 vert det opna for bygging av carport på parkeringsområdene P1 og P2, som ligg under 15 meter frå vegmidte. Etter vårt syn er det uheldig å etablere permanente konstruksjonar innanfor dette området. Det er nokre garasjar tett inntil vegen i dag, som gjer vegutviding kostbart, men ein må unngå å gje løyve til fleire element i dette beltet som aukar kostnadene for å få til ei betre vegløyving. Vi ber difor om at føresegna vert endra i samsvar med dette.

Leikeareal skal generelt ikkje ligge langs veg, av fare for utrusingsulukker ved borns leik. I planframlegget ligg leikearealet innanfor gul støysone langs vegen, og vi ser at det kan bli trong for støyskjerm innanfor byggegrensa langs vegen. Dette er ikkje ønskjeleg. Etter vårt syn må ein vurdere ny lokalisering av leikearealet.

Teknisk kvalitet på planframlegget

Statens vegvesen vil elles påpeike at framlegget til reguleringsplan er mangelfullt når det gjeld tekniske detaljer, og framstår som uferdig når det gjeld våre interesser. Etter vårt syn må mellom anna siktsoner i avkøyrslar og radius i kurvar visast på plankartet, samt at siktsonene må visast med talverdi. Alle dei ulike areala må òg ha ei nemning (t.d. fortau og anna veggrunn), og avklare om areala er offentlege eller private.

Statens vegvesen stiller også spørsmål ved om det er vurdert om planen er teknisk gjennomførbar. Det er ikkje sett av areal til anleggsbelte og eventuelle murar/skjeringar langs strekningen.

Konklusjon

Planframlegget tilfredsstillar ikkje våre interesser når det gjeld trafikktryggleik, og løyser ikkje dei trafikale tilhøva på strekningen. Framlegget til reguleringsplan må arbeidast vidare med, både når det gjeld planlagde vegløyvingar og generell teknisk kvalitet.

Statens vegvesen fremjar motsegn mot reguleringsplanen slik den ligg føre i dag. Vårt motsegn er knytt opp til vår rolle som statleg fagmynde for vegtransport og særskilt trafikktryggleik. Etter vårt syn er ikkje dei mjuke trafikantane tilstrekkeleg ivareteke gjennom planframlegget, og framlegget gir ikkje ei god nok løysing på dei utfordringane som er i området.

Statens vegvesen ber om at ein i det vidare planarbeidet legg til rette for ein dialog som sikrar at dei regulerte løysingane er gjennomarbeidd og gir tilfredsstillande trafikktryggleik for både mjuke og harde trafikantar.

Region vest
Med helsing

Helge Eidsnes
regionvegsjef

Olav Finne
avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ